

**Fra:** [Johann Roppen](#)  
**Til:** [ALLE-Campus](#)  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 12/2020, 20. MARS  
**Dato:** fredag 20. mars 2020 14:07:36

---

## **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 12/2020, 20. MARS**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

### **RÅD, RETTLEIING OG PÅBOD OM KORONA**

Den faste korona-sida på Høgskulen i Volda blir løpande oppdatert og alle tilsette og studentar blir sterkt oppmoda til å følgje med. Studentane blir gjort merksame på endringar på sida gjennom særlege meldingar i Canvas. [Råd og rettleiing om koronavirus på Høgskulen i Volda.](#)

### **MELLOMBELS LOKAL FORSKRIFT OM UNDERVISNING OG EKSAMEN**

Den 19. mars vedtok styret ved rektor mellombels lokal forskrift om undervisning og eksamen. Forskrifta gjev fagmiljø og studentar rammer for omlegging av undervisning og eksamensform i den pågåande koronakrisa. Læringsutbytte for studia blir ikkje endra, men fagmiljøa får stor fridom til å legge om undervisninga. [Forskrifta er tilgjengeleg på våre nettsider.](#)

### **ALLE BYGGEPROSJEKT BLIR FORSINKA**

Både høgskulen og Sivolda har fått melding om at alle byggeprosjekt no blir forsinka og truleg dyrare på grunn av koronakrisa. Det blir også utsett byggestart på høgskulens planlagde ombygging av auditoriet i Hans Strøm-huset (prosjekt "Vekselstrøm").

### **KRISEKOMMUNIKASJON I PRAKSIS: KOMMUNIKASJONSBIDRAG FRÅ TIDLEGARE VOLDASTUDENTAR**

I kriser er kommunikasjon kritisk, og krisekommunikasjon er eit viktig tema blant anna på bachelorstudiet i PR og kommunikasjon. Studentane på denne utdanninga er no inne i sitt 6. og siste semester og mange har praksis i privat og offentleg arbeidsliv og står midt opp i koronahandteringa. Somme av studentane har alt fått tilbod om forlenga praksis. Til inspirasjon har fagmiljøet delt døme på korleis tidlegare mediestudentar no gir viktige kommunikasjonsbidrag: [Helsedirektoratet](#). [NRK](#)

### **KORONA-KOSTNADER MÅ DEKKAST AV ORDINÆR LØYVING - MEN MÅ MERKAST**

Økonomidirektøren har gjort det klart at korona-kostnader som kjem av avbestillingar og liknande må dekkast av ordinær løyving. Men slik kostnader skal merkast særskilt slik at vi får oversyn over kostnadene. Kunnskapsdepartementet har til no gitt signal om at UH-sektoren ikkje kan rekne med ekstraløyvingar på grunn av koronakrisa.

### **BIBLIOTEKET LÅNER IKKJE UT PAPIRBØKER**

Biblioteket skriv i e-post til alle tilsette at dei ikkje låner ut bøker (på papir) no framover - for å forebygge smitte. Nettenesta "Allvit" har mange etterspurt, men biblioteket si vurdering er at det ikkje er aktuelt å kjøpe tilgang til Allvit no, fordi den ikkje gir god nok dekning av pensumlitteratur. Men høgskulen har tilgang til mange elektroniske ressursar som databasar og e-bøker og bibliotekarane er tilgjengelege på nett for råd og dåd.

### **KORONAVIRUS OG DATAVIRUS: PASS DEG FOR BEGGE!**

Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM) har kome med [retningslinjer i samband med bruk av heimekontor](#) i samband med utbrotet av koronavirus. Det er viktig at tilsette ikkje «slepp

guarden» no i desse koronatider, så vi slepp å få andre tilleggspørsmål som virus og anna.

### **HVO STUDENTAR PÅ UTVEKSLING: FLEIRE VENDER HEIM**

Internasjonalt kontor har hatt løpende kontakt med HVO-studentar på utveksling i utlandet. I alt er det ca 40 studentar på utveksling. I det siste er det fleire studentar som har valt å reise heim, medan nokre framleis vurderer det slik at det er best for dei å bli i utlandet. Studentane har blitt gjort merksame på at det vert vanskelegare og vanskelegare å reise heim i takt med at internasjonal flytrafikk kuttar ut ruter og fleire og fleire land på ulike måtar stenger grensene.

### **INTERNASJONALE STUDENTAR I VOLDA: DEI ALLER FLESTE BLIR I VOLDA**

Det er ca 50 utanlandske studentar som er på utveksling i Volda i vårsemesteret 2020. Til no har berre eit fåtal valt å reise tilbake til heimlandet.

### **FORSKING (1): FJORDKONFERANSEN BLIR ARRANGERT: DIGITALT I JUNI ELLER I LOEN I NOVEMBER**

Styret for Fjordkonferansen har hatt (video)møte om gjennomføring av konferansen. Styret bestemte seg for å vente til ut i april med å avgjere korleis konferansen skal bli arrangert i 2020. Anten blir konferansen gjennomført digitalt på dei planlagde datoane i juni. Eventuelt blir konferansen arrangert som vanleg konferanse, truleg i november. Det ligg informasjon om dette på [nettsidene til Fjordkonferansen](#).

### **FORSKING (2): DATAINNSAMLING: INTERVJU I KORONA-TIDER**

Forskningsadministrasjonen rår studentar og tilsette som bruker personlege intervju for å samle inn data til studentoppgåver eller forskning til å nytte telefon- eller videomøte. [Sjå meir info her](#).

### **FORSKING (3): FORSKINGSRÅDET FORLENGAR FRIST**

Forskningsrådet har i dag bestemt seg for å forlenge [søknadsfristen for Forskarprosjekt til 20. mai](#).

### **KVA GJER ANDRE HØGSKULAR OG UNIVERSITET?**

Universitet- og høgskulerådet (UHR) har samla [koronainformasjonen frå alle høgskular og universitet på ei eiga nettside](#). Til informasjon og gjerne inspirasjon.

\*\*\*

### **ÅRSRAPPORT (1): HER ER HØGSKULENS ÅRSRAPPORT FOR 2019-2020**

Høgskulens årsrapport for 2019-2020 er no ferdig frå høgskulens side og har vorte sendt til Kunnskapsdepartementet og andre som skal ha den. På framsida er der bilde av Volda sentrum og Rotsethornet. [Les rapporten på Issuu](#).

Rapporten vert trykt opp i eit lite opplag. Her er [lenke til rapporten i pdf-format](#).

### **ÅRSRAPPORT (2): ÅRSRAPPORTAR 2019-2020 FOR ALLE UH-INSTITUSJONAR**

På nettstaden til DBH finn du [årsrapportane til alle høgskular og universitet](#), også vår.

### **PUBLISERING (1): SEND GJERNE TIPS!**

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når ei bok har kome ut eller lenke til ein artikkel som har vorte publisert og gjort tilgjengeleg i eit tidsskrift.

## **PUBLISERING (2): SÆTHER OG LØVOLL I "FRONTIERS IN PSYCHOLOGY"**

Helga S Løvoll, Knut-Willy Sæther og Mark Graves har fått publisert ein artikkel i open tilgangs-tidsskriftet "Frontiers in Psychology". Artikkelen heiter: "[Feeling at Home in the Wilderness: Environmental Conditions, Well-Being and Aesthetic Experience](#)". HVO har dekt utgiftene ved publiseringa.

## **FORMIDLING, ØYVIND ØKLAND I FÆDRELANDSVENNEN: "HAR VI INGENTING SOM ER VÅRT EGET?"**

Professor Øyvind Økland, ASH, har fått på trykk ein kronikk i avisa Fædrelandsvennen. Kronikken har tittelen "Har vi ingenting som er vårt eget?", og er ein kommentar i debatten omkring SAS-reklamen om skandinavisk kultur. [HVO-tilsette har tilgang til artikkelen gjennom Retriever](#). Her er lenke til artikkelen på nettsidene til [Fædrelandsvennen](#) (krev innlogging).

## **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020 - ALLE ARRANGEMENT FØR PÅSKE ER AVLYST.**

[Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO.](#)  
[Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre](#)

Alle større fellesaktivitetar før påske er avlyst. Somme av arrangementa kan bli gjennomført på nett eller eventuelt bli gjennomført seinare. Arrangørar må oppdatere nettsidene sine så snart dei kan med informasjon om dette.

Påskeferie 9.-13. april.

14.-15.4.2020: Avdelingsseminar AKF (AVLYST)

16.-19.4.2020 [X2-festivalen](#) (AVLYST)

22.-24.4.2020: [SEANSE: Tverrfagleg kunstverkstad](#), Bergen (AVLYST)

20.-22.4.2020: [It's Volda](#), internasjonal studentkonferanse, HVO (AVLYST)

22.-26.4.2020: [Dokumentarfilmfestivalen](#), Volda (AVLYST)

23.-24.4.2020: [Skuleleiarkonferansen - tema: Meistring](#), Molde (AVLYST)

23.4.2020: [Styremøte 2/2020](#) + 24.4.2020: Styreseminar - strategi, Union Øye (STYRESEMINARET ER AVLYST)

24.4.2020: [Fagdag: "Konsekvensar av traume og stressrelaterte lidingar hos barn og unge"](#), HVO (UTSETT TIL HAUSTEN)

28.-29.4.2020: NOKUT-tilsyn, institusjonsbesøk, HVO (UTSETT)

17.5.2020: [Nasjonal festkonsert med Symfioniorkesteret](#), Volda

4.6.2020: Etatstyringsmøte 2020, KD, på HVO

11.6.2020: [Styremøte 3/2020](#), HVO

18.-19.6.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen (TIL VURDERING: DIGITAL ELLER UTSETT)

8.-19.6.2020: [SEANSE: Kunstnaropphald](#), HVO

Studieåret 2020-2021

18.8.2020: [Studiestart, studieåret 2020-2021](#), HVO

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#), Volda

29.-30.10.2020: [Barnehagekonferansen 2020](#), Ålesund

## **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

## **REKTORBLOGGEN**

[Korona-krisa: Litt meir grå kvardag, takk! \(19.3.2020\)](#)

[Opningshelsing på Nasjonal PPU-konferanse i Volda, 9.-10. mars \(9.3.2020\)](#)

[Alle blogginnlegg](#)

## **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)